



## Notat

Dato: 29.08.2014  
Arkivsak: 2014/18455-6  
Saksbehandlar: Iarbirik

---

**Til:** Kjetil Sigvaldsen

---

**Frå:** Lars Øyvind Birkenes

---

### **Søknad om konsesjon for overføring av 2 bekker på Osafjellet til Lang-Sima kraftverk - fråsegn om kulturminne**

#### **INNSTILLING**

- Det vil ikkje bli stilt krav om arkeologisk registrering då potensiale for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som sers lågt
- Dersom det i samband med tiltaket vert avdekkja automatisk freda kulturminne, må tiltak justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde

#### **Kulturminne og kulturmiljø**

Det går fram av konsekvensvurderinga frå april 2014 at det ikkje kjende automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområda. Det er kjent eit automatisk freda kulturminne, id. nr. 108366, i nærleiken av dei to borehola. Dette er ei av slepene over vidda som kjem opp frå Ossete og går austover mot Hallingskeid.

Dei to borehola kunne i utgangspunktet sjå ut til å komma nær slepa, men ved å sjå nærare på flyfoto, samt kjennskap til den tidlegare innlegginga i Riksantikvaren sin database Askeladden av dette kulturminnet, så vil ikkje desse tiltaka få konsekvensar for dette vegfare.

Då dei gamle slepene mellom aust og vest vart kartfesta i Askeladden, nytta Telemark fylkeskommune, som utførte arbeidet, seg av beskrivinga frå «Prosjekt Nordmannslepene» frå 2001. Vegfaret som er kartfesta kan ikkje vera innmålt i felt, då beskrivinga i teksten ikkje harmonerer spesielt godt med kartfestinga. Vegen frå Ulvik og vegen frå Osa gjekk saman eit stykke ovanfor Ossete og skilde lag att ved Gunnulven. Den søre kartfestinga forbi Sverreshogg (Sverdshogg) stemmer nokolunde overeins med grunnkart og det som visar av vegen på flyfoto, medan den nore går rett opp over blanke fjellet og virkar meir å vera ein teknisk feil. På grunnkartet er slepa synleg avmerka forbi Ossete og opp på fjellet der den gjer ein tilnærma 90 graders sving frå nordaust mot søraust og passerer nord for Sverreshogg og vidare i nordaustleg retning att forbi Gunnulven. Opp frå Ossete viser vegfaret godt på flyfoto men er naturleg nok lite synleg nå ein kjem opp på snaue fjellet. Dette vert også stadfesta i Askeladden: «*De første km går gjennom tett skog. Slepene er veldig tydelig og godt nedtråkka. Enkelte steder er det vanskelig framkommelig fordi det er så*

*bratt. Fra Ossete og opp på fjellet er stien mindre synlig og helt klart ikke så mye i bruk. På vei til Hallingskeid er den mange steder svært vanskelig å finne, og den går kilometervis over snøfonn. Den er dårlig oppmerket».*

Tiltaka som det er søkt konsesjon for vil såleis ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Ut frå arkivmateriale og flyfoto, samt dei opplysingane som er tilgjengelege er potensiale for funn sers lite.

### **Vurdering og tilråding**

Potensial for funn er lite og utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte og vil i liten grad få visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø.